



Fylkesmannen i Hordaland

BRØDR SALOMONSEN AS
Postboks 149
5327 Hauglandshella

Bergen, 29. oktober 2018

Sendt på e-post til: torsalo@online.no og victor.salomonsen@retura.no

Dykkar ref.:
Eivind Fykse

Vår ref.(oppgi ved svar):
2016/2461
Sakshandsamar:
Nina Vadøy

Rapport etter inspeksjon ved Brødrene Salomonsen AS

Kontrollnummer: 2018.091.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Torbjørn Salomonsen, Eivind Fykse, Kristin
Brekke og Kirsten Engelsen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:

Nina Vadøy og Silje Tingstad

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Brødrene Salomonsen AS den 16. oktober 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 3 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll
- vilkår i løyvet
- farleg avfall

Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 1 og 2.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Nina Vadøy
overingeniør

Kopi til: BIR Bedrift AS
Askøy kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: BRØDR SALOMONSEN AS	
Organisasjonsnr.: 971836253	Eigd av: 830560092
Bransjenr. (NACE-kode): 46.770 - Engroshandel med avfall og skrap	

Kontrollert eining

Namn: Brødrene Salomonsen AS	Anleggsnr.: 1247.0146.01
Kommune: Askøy	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Avfall - mottak, mellomagring og	
Løyve gitt: 07.10.1997	Sist endra: 21.10.2009

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ei særskilt oppfølging og vart gjennomført for å kontrollere at alvorleg avvik etter tilsyn 5. april 2017 var retta.

Tilsynet vart gjennomført i samsvar av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- handtering (mottak, behandling og lagring) av avfall
- vidarelevering av avfall
- vilkår i løyvet
- internkontroll med vekt på risikovurdering, avvikssystem og skriftlege rutinar for ytre miljø
- utslepp til vatn, grunn og luft

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Brødrene Salomonsen AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Brødrene Salomonsen AS innan 1. februar 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Avvik 1 og 2 er i stor grad dei same avvika som vart gitt under førre tilsyn 5. april 2017. Fylkesmannen ser alvorleg på desse avvika, og gjennomføring av tiltak vil derfor bli følgt opp ved ny kontroll.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Nina Vadøy.

4. Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Fylkesmannen varslar at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73, dersom vi ikkje har motteke ei skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan 1. februar 2019. Tvangsmulka vil starte dersom vi ikkje har motteke stadfesting på at avvik er retta innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på kr 50 000,-.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 16. oktober 2018. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventta ressursbruk må Brødrene Salomonsen AS betale eit gebyr på 17 200 kroner for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:

Internkontrollen for ytre miljø er mangelfull

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

Kommentarar til regelverket:

Den som er ansvarleg for verksemda skal sørge for at det blir innført og utøvd internkontroll i verksemda og at det blir gjort i samarbeid med arbeidstakarane og deira representantar.

Miljørisikovurdering

Verksemda skal ha oversikt over all aktivitet som kan føre til forureining, og må kartlegge og vurdere risiko knytt til aktivitetar eller hendingar som kan påverke ytre miljø. Miljørisikovurderingane skal vere tilpassa lokaliteten.

Rutinar og avvikssystem

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift. Rutinane skal vere tilpassa drifta på denne lokaliteten.

Observasjonar under tilsynet:

Verksemda har ikkje etablert skriftleg internkontroll for ytre miljø som er tilpassa lokaliteten til Brødrene Salomonsen AS i Rindadalsvegen 88. Følgjande er ikkje dokumentert skriftleg:

Miljørisikovurdering

Verksemda har ikkje skriftleg miljørisikovurdering med tilhøyrande handlingsplan som er tilpassa lokaliteten.

Rutinar

Verksemda har ikkje skriftlege rutinar for mottak, behandling, lagring og vidarelevering av avfall på anlegget.

Avvikshandtering

Verksemda har ikkje ført avvik på ytre miljø. Til dømes var det ikkje ført avvik ved;

- funn av bilbatteri som verksemda ikkje har løyve til å ta imot
- lagring over maksimal tillaten lagringsmengde i løyvet
- funn av trevirke i vegskråning utanfor fast dekke

Avvik 2:

Verksemda driv ikkje i samsvar med alle krav i løyvet

Avvik frå:

Løyvet datert 7. oktober 1997

- Punkt 3.2 om lagring av avfall
- Punkt 3.5 om forsøpling

Kommentarar til regelverket:*Lagring*

Avfallet skal lagrast på ein slik måte at det ikkje er skjemmande eller fører til fare for lukt, avrenning eller anna forureining. Lagring av avfall inkludert utsortert materiale skal som eit minimum gå føre seg på tett flate med fall til sluk.

Totalt lagra avfallsmengde skal ikkje på noko tidspunkt overstige 300 tonn.

Forsøpling

Verksemda pliktar alltid å halde sorteringsanlegget og områda omkring, inkludert nærmaste tilførsleveggar i orden og fri for forsøpling. Ryddeaksjonar skal gjennomførast etter behov.

Observasjonar under tilsynet:*Lagring*

Verksemda lagde ein mellombels veg av treflis frå vegen og bort til muren der treflis vart lagra for å kome høgt nok til å tippe treflis over kanten på muren. Området mellom vegen og muren hadde ikkje tett flate.

Nokre plassar var det hol i dekket der avfall vart handtert.

Verksemda opplyste at det kan bli lagra inntil 1200 tonn trevirke på anlegget før trevirke blir eksportert med båt. Treflis vart lagra i inntil 7-10 dagar, medan trevirke vart lagra 3-4 månader. Båt vart bestilt 3-4 gonger i året i samarbeid med BIR Bedrift Lønningshaugen og eventuelle andre for å få full båt. Denne ordninga har gått føre seg i om lag 2,5 år.

Fylkesmannen fekk etter tilsynet (18. oktober 2018) melding frå Brødrene Salomonsen AS om at verksemda stoppar mottak av trevirke til anlegget, og at verksemda held seg til grensa i gjeldande løyve til det eventuelt blir gitt aksept for å lagre høgare tonnasje på anlegget.

Forsøpling

Det var treflis i vegskråningar og i vegetasjonen rundt. Det var også trevirke i vegetasjonen rundt lageret for trevirke.

Avvik 3

Verksemnda deklarerer ikkje farleg avfall

Avvik frå:

Avfallsforskrifta § 11-12 om verksemdas deklarasjonsplikt om avfallets innhald

Kommentarar til regelverket:

Verksemder som leverer farleg avfall skal gje tilstrekkelege opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar, slik at den vidare handteringa av avfallet kan skje på ein forsvarleg måte. Når avfallet blir levert til den som etter § 11-6 og § 11-7 kan handtere avfallet, skal verksemnda som leverer avfallet fylle ut eit deklarasjonsskjema som er godkjent av Miljødirektoratet. Emballasjen skal merkast tydeleg med deklarasjonsskjemaets løpenummer.

Deklarering av farleg avfall skal gå føre seg i www.avfallsdeklarering.no.

Observasjonar under tilsynet:

Verksemnda opplyste at eventuelt farleg avfall som oppstod i samband med drift ikkje vart deklarerert. Det farlege avfallet vart levert på kommunal gjenvinningsstasjon som privatperson.

8. Merknader

Vi ga ingen merknader under inspeksjonen.

9. Andre tilhøve

Fusjon med BIR Bedrift AS

Det vart opplyst at Brødrene Salomonsen AS skal fusjonerast med BIR Bedrift med verknad frå 31. desember 2018.

Revidering av løyvet

Løyvet datert 7. oktober 1997 er av eldre dato og vilkåra i løyvet må reviderast for å vere i samsvar med dagens krav til drift av avfallsanlegg. Fylkesmannen har bedt Brødrene Salomonsen AS om å søkje om nytt løyve for at drifta skal bli i samsvar med aktivitetane som går føre seg på anlegget. Sidan vi ikkje mottok søknad etter førre tilsyn set vi frist for å sende søknad til 1. februar 2019. Dersom Fylkesmannen ikkje får søknad innan fristen, vil vi starte revidering av gjeldande løyve.

10. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen datert 7.10.1997

11. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Avfallsdeklarering.no (M421/2015)
- Farlig avfall fra bygg og anlegg (M29)
- Farlig avfall fra virksomheter (TA-2945)
- Gebyr ved kontroll (TA-2608)
- Håndtering av farlig avfall (M284)
- marin forsøpling